



Kommunal- og regionaldepartementet
Postboks 8112 Dep

0032 OSLO

Jondal kommune
5627 JONDAL
Tlf. 53 66 95 00
Faks 53 66 95 10
e-post post@jondal.kommune.no
www.jondal.kommune.no
Org.nr 944 439 927
Bank 3450.07.08206
Sakshandsamar:
E-post annbjorg.stromme@jondal.kommune.no
Tlf. 53 66 95 07

Dykkar ref.

Vår ref.

08/24-3 /ASS/08/261

Arkiv:

N-100

Dato

22.01.2008

UTTALE FRÅ JONDAL KOMMUNE – FRAMLEGG TIL NYTT INNTEKTSSYSTEM – UTTALE TIL SØRHEIMSUTVALET SI INNSTILLING

Viser til Dykkar høyringsuttale på Sørheimsutvalget– Inntekssystemet for kommunene, datert 26.10.2007.

Jondal formannskap hadde saka oppe til handsaming 21.januar 2008, og tilrådte i saka, Jondal kommunestyret skal ha saka opp til endeleg vedtak torsdag 31. januar 2008. Dersom det vert endringar i høve til uttalen frå formannskapet vert den sendt på nytt.

FS- 006/08 TILRÅDD:

Jondal kommune vil understreka at framlegget i Sørheimsutvalet si innstilling til nytt inntektssystem ikkje treffer Regjeringa sin intensjon om å sikra økonomien i fråflyttingskommunar.

Jondal kommune vil særleg peika på to tilhøve som er viktig for å treffa regjeringa sin intensjon.

- *Dagens regionaltilskot vert vidareført som eiga ordning innanfor distriktstilskot gjeldande for alle kommunar under 3200 innbyggjar og under 110% skatt av landsgjennomsnitt.*
- *Inntektsutjamninga bør aukast frå 55% til 75%.*

1. Jondal kommune støttar Sørheimutvalet sin argumentasjon og fleirtalsinnstilling med visse justeringar på fylgjande punkt:

- a) at kommunane bør ha om lag 50 % av inntektene frå skatt.**
- b) at ein aukar den symetriske utjamninga frå 55 % til 75 %.**
- c) at tidspunktet for oppdatering av befolkningstall i utgiftsutjamninga vert endra.**



d) at skjønnsstilskotsodninga vert endra i tråd med kommentar i saksutgreiinga, at kompensasjon for auka arbeidsgjevaravgift går inn som eiga kolonne i det nye distriktstilskotet.


2. Jondal kommune støttar ikkje:

- a) forslaget om nytt distriktpolitisk tilskot slik det føreligg.**
- b) at selskapsskatten vert avvikla som kommunal inntekt.**
- c) forslaget om ny overgangsordning**

Kopi av saksutgreiinga følgjer vedlagt.

Med helsing


Annbjørg Selsvik Strømme
sakshandsamar I


Elin Huse
sekretær



SAKSGANG			
Utvål	Møtedato	Saksnr. i utval	
Formannskapet	21.01.2008	006/08	
Kommunestyret	31.01.2008		

Saksbeh:	Saka vert avgjort av:	Arkiv:	Arkivsaknr.
John Gunnvald Skogseth		N-100	08/24

FRAMLEGG TIL ENDRING AV INNTEKTSSYSTEMET FOR KOMMUNANE – UTTALE TIL SØRHEIMUTVALET SI INNSTILLING

Dokument i saka:

1. *Rapport frå Kommunal- og regionaldepartementet : Forslag til forbedring av overføringssystemet for kommunene*

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

Saksopplysningar:

Formannskapet sette ned eit arbeidsutval som skulle sjå på framlegg til endringar av inntektssystemet for kommunane, jfr. rapporten "Forslag til forbedring av overføringssystemet for kommunene" frå Kommunal- og regionaldepartementet. I arbeidsutvalet vart fylgjande peika ut: ordførar Sigrid Brattabø Handegard og formannschaftsmedlemene Per Gunnar Hammer og Kjellaug Hoås Samland. I tillegg vart det valt 2 representantar frå rådmannen; Morten Aasbø og Aud Mari Eitrheim. Denne saka vert lagt fram på grunnlag av drøftingar i arbeidsgruppa. Under kapitlet om selskapsskatt og distriktspolitisk tilskot er det sett opp to alternative framlegg. Vidare er det med utgangspunkt i dei to alternative framlegga vedk. selskapsskatt og lagt fram to ulike tilrådingar.

Inntektssystemet bestemmer rammene for dei frie inntektene (rammetilskot og skatt) til kommunane og skal gjera kommunane i stand til å gje innbyggjarane eit likeverdig tenestetilbod uavhengig av kor dei bur i landet. I tillegg til å sikre innbyggjarane grunnlag for eit likeverdig tenestetilbod, skal inntektssystemet bidra til eit busetjingsmønster slik at heile landet vert teke i bruk.

Sørheimutvalet.

Førre regjering sette ned eit utval for å revidera inntektssystemet. Det såkalla Borgeutvalet la fram si innstilling i oktober 2005. Då dagens regjering overtok, varsla ho ein eigen gjennomgang av inntektssystemet. Det blei nedsett eit nytt utvalg, Sørheimutvalet, leia av Kristin Marie Sørheim (Sp). Sørheimutvalet leverte si innstilling til kommunal- og regionalministeren 26. oktober 2007.

Kommunane har høyringsfrist 28. januar 2008.

Regjeringa tek sikte på å handsama Sørheimutvalet si innstilling og resultatet frå departementet sitt arbeid med kostnadsnøklane i kommuneproposisjonen for 2009, i mai 2008.

Utvalet sitt mandat har vore å gje ei vurdering av:

- skatten sin del av kommunane sine inntekter
- nivå på og utforming av inntektsutjamninga
- selskapsskatten som kommunal skatt
- regionalpolitisk grunngevne tilskot innanfor inntektssystemet
- trongen for eigne tilskot til vekst- og fråflyttingskommunar
- storleiken på skjønnsramma innanfor inntektssystemet
- ordninga med oppdatering av innbyggjartal i utgiftsutjamninga
- trongen for overgangsordningar i inntektssystemet

Ein vil nedanfor gå gjennom dei sentrale elementa i Sørheimutvalet si innstilling og gje framlegg til merknad frå Jondal kommune.

Skatteandel

Dei frie inntektene (skatt og rammetilskudd) utgjør om lag 70 % av kommunesektoren sine samla inntekter. Det har tidlegare vore ei målsetjing at skatteinntektene skal vera ca 50 % av kommunesektoren sine inntekter. Skatteandelen har auka frå 44,2 % i år 2000 til 49,7 % i 2006. Den planlagde målsetjinga om auka skatteandel er avrekna mot rammetilskotet som har gått tilsvarande ned. For 2007 er vurderinga at skatteinntektene vil utgjera om lag 48 % av inntektene.

Sørheimutvalet si innstilling.

Utvalet tilrår at skatteinntektene framleis skal vera rundt 50 % av kommunane sine samla inntekter. I si vurdering av skatteandelen har omsynet til lokal forankring av inntektene og lokaldemokrati blitt tillagt stor vekt. Dette går ut over omsynet til fordeling og trongen for oversikt med omsyn til framtidige økonomiske rammer.

Jondal kommune sine kommentarar.

Jondal kommune meiner det er viktig med ei sterk lokal forankring når det gjeld kommunen sine inntekter. Det vil vera uheldig med ein kommunal sektor som i stor grad er avhengig av statlege overføringer.

Ein høg skatteandel vil også føra til at kommunane vil få sin del av gevinsten i økonomiske oppgangstider.

Jondal kommune vil likevel peika på at høg skatteandel er til fordel for folkerike kommunar og negativ for kommunar med få innbyggjarar.

Etter ei samla vurdering og på prinsipielt grunnlag støttar Jondal kommune utvalet si innstilling sjølv om det fordelingsmessig ikkje vil vera til Jondal kommune sin fordel.


Inntektsutjamning

Kommunane sine skatteinntekter er samansett av skatt på inntekt og formue frå personar og selskap, eigedomsskatt, selskapsskatt og andre produksjonsskattar, mellom anna konsesjonsavgifter, konsesjonskraftinntekter og naturressursskatt. Skatt på inntekt og formue frå personar, naturressursskatt og selskapsskatt inngår i inntektsutjamninga medan inntekter frå konsesjonskraft, konsesjonsavgifter og eigedomsskatt vert halde utanfor systemet for inntektsutjamning.

Det er store variasjonar mellom kommunane når det gjeld skattegrunnlaget pr. innbyggjar som ligg til grunn for utjamninga. I 2006 varierte dette frå 56 % av landsgjennomsnittet til 362 % av landsgjennomsnittet. Eit fråver av eit utjamningssystem ville difor ha gitt veldig store forskjellar i tenestetilbodet i ulike deler av landet.

Ut frå fordelingspolitiske målsetjingar har me difor eit system med utjamning av forskjellar i skatteinntekt pr. innbyggjar (inntektsutjevning).

Dagens system for inntektsutjevning kan illustrerast slik:



Figur 4.1. Illustration av instruktionsriktningen för kommunerna

Kommunar med skatteinntekt under landsgjennomsnittet får kompensert 55 % av differansen mellom eigen skatteinntekt pr. innbyggjar og landsgjennomsnittet (kommune B).

Kommunar med skatteinngang over landsgjennomsnittet vert trekt med 55 % av differansen mellom eigen skatteinngang og landsgjennomsnittet (kommune A).

Kommunar med skatteinntekt under 90 % av landsgjennomsnittet blir i tillegg kompensert for 35 % av differansen mellom egne skatteinntekter og 90 % av landsgjennomsnittet i ein tilleggskompensasjon (kommune C).

Finansieringa av tilleggskompensasjonen skjer ved at alle kommunar vert trekt med eit likt beløp pr. innbyggjar.

Sørheimutvalet si innstilling.

Utvalet sitt fleirtall føreslår at dagens ordning vert vidareført, men at utjamningsprosenten i den symmetriske utjamninga vert auka frå 55 % til 60 %. Ein styrke med dagens modell er at han tek særleg omsyn til kommunar med låge skatteinntekter. Likevel er ikke modellen god nok i forhold til å sikra kommunar med eit svakt inntektsgrunnlag nødvendige ressursar til å finansiera sine oppgåver. Utvalet sitt fleirtal meiner at kommunar med høge skatteinntekter bør kunna få eit større trekk i sine skatteinntekter, noko som vil bidra til å lyfta kommunar med skatteinntekter under landsgjennomsnittet.

Jondal kommune sine kommentarer.

Eit lokaldemokrati bør i stor grad finansierast av egne skatteinntekter. Utvalet har også vist til dette i forslaget om å halda på målsetjinga om ein skatteandel på om lag 50 %.

Ved å auka inntektsutjamninga frå 55 % til 60 % vil dette trekkja i motsett retning.

Jondal kommune meiner at Borgeutvalet gjekk for langt då dei i 2005 føreslo og fekk tilslutnad til å redusera den symetriske utjamninga frå 90 % til 55 %.

Jondal kommune meiner det er viktig med stabile og "forutsigbare" rammer og at ein auke i inntektsutjamninga frå 55 % til 60 % er eit steg i rett retning for dei mest ressursvake kommunane. Jondal kommune støttar utvalet si innstilling om 60 % symetrisk utjamning.

Selskapsskatt

Fram til 1999 fekk kommunane ein del av selskapsskatten. Mellom 1999 og 2005 var selskapsskatten ein rein statsskatt. Frå 2005 blei ein del av selskapsskatten tilbakeført til

kommunane. I 2008 er denne andelen 3,5 %. Selskapsskatten blir utbetalt som ein del av rammetilskotet til kommunen to år etter at skatten er innbetalt frå selskapa, dvs at selskapsskatten som inngår i inntektsutjamninga i 2008 er frå skatteåret tre år tidlegare, altså 2005.

Fordelinga er basert på kor stor del av arbeidsplassene i det enkelte foretak som er lokalisert i kommunen.

Sørheimutvalet si innstilling.

Utvalet sitt fleirtal føreslår at selskapsskatten vert avvikla som kommunal inntekt, og at den delen av skatten som selskapsskatten i dag utgjør vert lagt på skatt frå personlege skatteytarar. I grunngjevinga er det lagt vekt på at det er stor variasjon i selskapsskatten mellom kommunane i tillegg til at selskapsskatten er lite stabil og dermed lite "forutsigbar".

Jondal kommune sine kommentarar.

Alternativ 1.

Det er stor variasjon mellom kommunane når det gjeld storleiken på selskapsskatten, noko som gjer det vanskeleg å nå målet om eit likeverdig tenestetilbod i alle kommunane i landet. I tillegg er variasjonen frå eit år til eit anna uheldig. Det bør vera eit mål at kommunane har stabile og "forutsigbare" rammer. Selskapsskatten kan variera mykje både i storleik på landsbasis og i fordelinga mellom kommunane frå eit år til neste.

I 2005 då ein del av selskapsskatten blei tilbakeført til kommunane, blei det grunngitt med at dette ville styrkja kommunane sine incentiv til å leggja til rette for næringsutvikling lokalt. Det er ikkje dokumentert at selskapsskatten har slike verknader. Det er også eit problem at deler av datagrunnlaget som ligg til grunn for utrekningane av den enkelte kommune sin del av inntektene frå selskapsskatten er taushetsbelagt etter likningslova § 3-13. Kommunane har ikkje innsynsrett i materialet, og kan dermed ikkje kontrollere og etterrekne eigen del av selskapsskatten.

Jondal kommune støttar utvalet si innstilling vedr. selskapsskatt.

For Jondal kommune vil føreslegen endring isolert slå positivt ut, kr 179 pr. innbyggjar.

Alternativ 2.

Prinsippet om sterk lokal forankring når det gjeld kommunen sine inntekter er eit viktig prinsipp også når det gjeld selskapsskatten.

Fordelinga som er basert på kor stor del av arbeidsplassane i det enkelte foretak som er lokalisert i kommunen, er ei langt betre ordning enn den ein gjekk vekk frå i 1999. Jondal kommune meiner at det er for tidleg å trekkja konklusjon etter 2 år med kommunal selskapsskatt i høve incentiv til lokal næringsutvikling.

Det er også viktig at kommunane kan kontrollere og etterrekne at inntektene frå selskapsskatten er korrekt, jfr likningslova § 3-13, for å vurdere sine framtidige inntekter.

Jondal kommune ynskjer framleis kommunal selskapsskatt og støttar såleis ikkje

Sørheimutvalet si innstilling på dette punktet.

Distriktpolitisk tilskot

I dagens inntektssystem får kommunar i Nord-Noreg og små kommuner med moderate skatteinntekter ekstra rammetilskot gjennom Nord-Noregtilskotet, regionaltilskotet og deler av skjønntilskotet.

Nord-Noregtilskotet vert fordelt med forskjellige satsar pr. innbyggjar: for Nordland (1 398), Troms (2 682) og Finnmark (6 553). Regionaltilskotet blir fordelt etter ein sats pr. kommune til alle kommunar som har færre enn 3 200 innbyggjarar og ei skatteinntekt under 110 % av landsgjennomsnittet.

Sørheimutvalet si innstilling.

Utvalet sitt fleirtal tilrår å samla dagens regionalpolitiske ordningar i inntektssystemet i eitt nytt distriktpolitisk tilskot. Kriteria for deling av det nye tilskotet vert kopla til det distriktpolitiske virkeområdet som ligg til grunn for den øvrige distriktpolitikken.

Jondal kommune sine kommentarar.

Alle kommunar har ein basiskostnad, uansett storleik. Dagens regionaltilskot har kompensert treffsikkert for dette overfor kommunar med mindre enn 3200 innbyggjarar og under 110 % skatt av landsgjennomsnittet. I Hordaland taper denne kategorien kommunar på det nye

distriktspolitiske tilskotet. Dette må vera i strid med grunngjevinga for det nye distriktstilskotet.

Jondal kommune meiner difor at "startbeløpet" (dagens regionaltilskot) ikkje må justerast ned for dei kommunane som har dette tilskotet i dag, men går inn med dagens sats som eiga kolonne i det nye tilskotet. Alternativt at 70 % av distriktstilskotet vert fast og 30 % fordelt etter innbyggjartal.

Jondal kommune meiner at utvalet sitt framlegg om eit nytt distriktspolitisk tilskot ikkje er treffsikkert nok i høve til intensjonen om å styrkja distriktskommunar med nedgang i folketal og vekstkommunar. I og med at dagens regionaltilskot går inn i finansieringa av det nye tilskotet, vert mange små distriktskommunar med minkande folketal taparar ved nyordninga. Vidare er Jondal kommune sterkt usamd i innstillinga om at det nye tilskotet skal koplast til det distriktspolitiske virkeområdet. Det distriktspolitiske virkeområdet i dag er sterkt påverka av forhandlingar med EU om avgrensing, m.a. om differensiert arbeidsgjevaravgift. Dei kommunane som har kriteria for å få det nye tilskotet må få det uavhengig av om dei ligg innanfor eit distriktspolitisk virkeområde.

Jondal kommune kan ikkje støtta utvalet si innstilling slik ho føreligg.

Vekst, fråflytting og folketalsoppdatering

Frå og med 2003 har folketalet 1. januar i budsjettåret blitt brukt både i inntektsutjamninga, til fordeling av innbyggjartilskotet og ved utrekning av utgiftstrongen – utgiftsutjamninga. Dette betyr at det i statsbudsjettet om hausten vert gjort foreløpige berekningar, medan endelege berekningar fyrst er klare i juni året etter.

Sørheimutvalet si innstilling.

Utvalet føreslår at ordninga med oppdatering av innbyggjartala ved berekning av Inntektsutjamninga vert vidareført som i dag. Når det gjeld fordelinga av innbyggjartilskotet og berekning av utgiftstrong (utgiftsutjamninga), tilrår utvalet å endra teljedatoen til 1. juli i året før budsjettåret. Vidare føreslår utvalet at kommunar som har ein folketalsauke som er høgare enn det doble av veksten på landsbasis i gjennomsnitt de siste tre åra, og har lågare skatteinntekter enn 140 % av landsgjennomsnittet i samme periode får et veksttilskot.

Jondal kommune sine kommentarar.

Dagens system byggjer i hovudsak på at pengane fylgjer innbyggjarane, noko som synest fornuftig. Det er likevel slik at små kommunar som har nedgang i folketal over tid når ei grense der det må takast særlege omsyn ved nedtrekk i inntektene. Jondal kommune støttar forslaget om å endra teljedatoen.

Skjønnsmidlar

Skjønnsmidlane i inntektssystemet er meint å ivareta ulike forhold som ikkje vert fanga godt nok opp i inntektssystemet. Vidare vert skjønnsmidlane brukt til å ivareta regional- og distriktspolitiske omsyn. Kommunar som har tapt på ulike endringar som har blitt gjennomført i inntektssystemet har fått delvis kompensasjon gjennom skjønnsstilskotet. I tillegg er skjønnsmidlar eit viktig verkemiddel for å handtera ekstraordinære hendingar som oppstår gjennom budsjettåret og til å bidra i utviklingsprosjekt.

Sørheimutvalet si innstilling.

Utvalet føreslår å redusera skjønnsrammene ved å overføra midlar til det distriktspolitiske tilskotet, til veksttilskuddet og at kompensasjon for endringar i inntektssystemet i perioden 2002 – 2006 blir lagt til innbyggjartilskotet. Skjønnsmidlane vil etter dette avgrensast til å kompensera for spesielle lokale forhold som utgiftsutjamninga ikkje tek omsyn til, ekstraordinære hendingar, høge kostnader knytt til mange fritidsbustader, bidrag til utviklingsprosjekt i kommunar for å betra kvalitet og effektivitet i tenesteproduksjonen og til å gje bistand til kommunar med økonomisk ubalanse.

Jondal kommune sine kommentarar.

Kompensasjonen for auka sats for arbeidsgjevaravgift etter tilbakeføring av ordninga med differensiert arbeidsgjevaravgift, kommunar i sone 1a, bør overførast frå skjønnsmidlane og leggjast inn som eiga kolonne i det distriktspolitiske tilskotet.

Elles støttar Jondal kommune utvalet sitt forslag gjeldande skjønnsmidlar..

Overgangsordning

For å sikra at kommunar ikkje får brå endringar i inntekter som fylgje av innlemming av øyemerka tilskot, oppgåveendringar og systemendringar, er det i dagens system ein overgangsordning for endringar i rammetilskotet som vert gjennomført med 1/5 pr år i 5 år. Nokon gonger er endringar likevel gjennomført utan overgangsordning.

Sørheimutvalet si innstilling.

Utvalet føreslår å erstatta dagens overgangsordning med ei inntektsgarantiordning (INGAR) som skjermar kommunar mot endring i rammetilskotet som er kr 300 lågare pr innbyggjar enn den generelle endringa i rammetilskuddet på landsbasis. Inntektsgarantiordninga vert finansiert ved at alle kommunane vert trekt med eit like stort beløp pr innbyggjar.

Jondal kommune sine kommentarar.

Det er viktig at ein overgangsordning er "forutsigbar" og enkel å rekna på for den enkelte kommune. I tillegg skal ordninga opplevast som rettferdig. Ein er usikker på om den nye føreslegne ordninga er ei betre ordning enn dagens overgangsordning.

Jondal kommune støttar ikkje utvalet si innstilling om ny overgangsordning.

TILRÅDING FRÅ RÅDMANN:

Jondal kommune viser til kommentarane i saksutgreinga og gjev fylgjande uttale til Sørheimutvalet sin rapport om overføringssystemet til kommunane:

1. Jondal kommune støttar Sørheimutvalet sin argumentasjon og fleirtalsinnstilling på fylgjande punkt:

- a) at kommunane bør ha om lag 50 % av inntektene frå skatt.*
- b) at ein aukar den symetriske utjamninga frå 55 % til 60 %.*
- c) at selskapsskatten vert avvikla som kommunal inntekt.*
- d) at tidspunktet for oppdatering av befolkningstall i utgiftsutjamninga vert endra.*
- e) at skjønnstilskotsodninga vert endra i tråd med kommentar i saksutgreinga, at kompensasjon for auka arbeidsgjevaravgift går inn som eiga kolonne i det nye distriktstilskotet.*

2. Jondal kommune støttar ikkje:

- a) forslaget om nytt distriktpolitisk tilskot slik det føreligg.*
- b) forslaget om ny overgangsordning*

Alternativt:

Jondal kommune viser til kommentarane i saksutgreinga og gjev fylgjande uttale til Sørheimutvalet sin rapport om overføringssystemet til kommunane:

1. Jondal kommune støttar Sørheimutvalet sin argumentasjon og fleirtalsinnstilling på fylgjande punkt:

- a) at kommunane bør ha om lag 50 % av inntektene frå skatt.*
- b) at ein aukar den symetriske utjamninga frå 55 % til 60 %.*
- c) at tidspunktet for oppdatering av befolkningstall i utgiftsutjamninga vert endra.*
- d) at skjønnstilskotsodninga vert endra i tråd med kommentar i saksutgreinga, at kompensasjon for auka arbeidsgjevaravgift går inn som eiga kolonne i det nye distriktstilskotet.*

2. Jondal kommune støttar ikkje:

- a) forslaget om nytt distriktpolitisk tilskot slik det føreligg.*
- b) at selskapsskatten vert avvikla som kommunal inntekt.*
- c) forslaget om ny overgangsordning*

21.01.2008 Formannskapet

John Skogseth var med for å orienterte om saka.

Formannskapet drøfta saka og sette fram følgjande tilråding:

Jondal kommune vil understreka at framlegget i Sørheimsutvalet si innstilling til nytt inntektssystem ikkje treffer Regjeringa sin intensjon om å sikra økonomien i fråflyttingskommunar.

Jondal kommune vil særleg peika på to tilhøve som er viktig for å treffa regjeringa sin intensjon.

- Dagens regionaltilskot vert vidareført som eiga ordning innanfor distriktstilskot gjeldande for alle kommunar under 3200 innbyggjar og under 110% skatt av landsgjennomsnitt.
- Inntektsutjamninga bør aukast frå 55% til 75%.
-
- 1. Jondal kommune støttar Sørheimutvalet sin argumentasjon og fleirtalsinnstilling med visse justeringar på fylgjande punkt:
 - a) at kommunane bør ha om lag 50 % av inntektene frå skatt.
 - b) at ein aukar den symetriske utjamninga frå 55 % til 75 %.
 - c) at tidspunktet for oppdatering av befolkningstall i utgiftsutjamninga vert endra.
 - d) at skjønnsstilskotsodninga vert endra i tråd med kommentar i saksutgreiinga, at kompensasjon for auka arbeidsgjevaravgift går inn som eiga kolonne i det nye distriktstilskotet.
- 2. Jondal kommune støttar ikkje:
 - b) forslaget om nytt distriktspolitisk tilskot slik det føreligg.
 - b) at selskapsskatten vert avvikla som kommunal inntekt.
 - c) forslaget om ny overgangsordning

Røysting:

Formannskapet sitt framlegg vart sett opp mot tilrådinga frå rådmannen. Framlegget frå formannskapet vart samrøystes tilrådd, med unnateke Punkt 2 b. Som vart innstilt med 3 mot 2 røyster.

FS-006/08 TILRÅDD:

Jondal kommune vil understreka at framlegget i Sørheimsutvalet si innstilling til nytt inntektssystem ikkje treffer Regjeringa sin intensjon om å sikra økonomien i fråflyttingskommunar.

Jondal kommune vil særleg peika på to tilhøve som er viktig for å treffa regjeringa sin intensjon.

- *Dagens regionaltilskot vert vidareført som eiga ordning innanfor distriktstilskot gjeldande for alle kommunar under 3200 innbyggjar og under 110% skatt av landsgjennomsnitt.*
- *Inntektsutjamninga bør aukast frå 55% til 75%.*

1. Jondal kommune støttar Sørheimutvalet sin argumentasjon og fleirtalsinnstilling med visse justeringar på fylgjande punkt:

- a) at kommunane bør ha om lag 50 % av inntektene frå skatt.*
- b) at ein aukar den symetriske utjamninga frå 55 % til 75 %.*
- c) at tidspunktet for oppdatering av befolkningstall i utgiftsutjamninga vert endra.*
- d) at skjønnsstilskotsodninga vert endra i tråd med kommentar i saksutgreiinga, at kompensasjon for auka arbeidsgjevaravgift går inn som eiga kolonne i det nye distriktstilskotet.*

2. Jondal kommune støttar ikkje:

- c) forslaget om nytt distriktpolitisk tilskot slik det føreligg.*
- b) at selskapsskatten vert avvikla som kommunal inntekt.*
- c) forslaget om ny overgangsordning*